



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kristin Wadsten Arkivsaknr: 2017/482-2090/2017
Arkiv: 231

Utvaksaknr	Utval	Møtedato
30/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	03.05.2017

Saka gjeld: **FELLINGSAVGIFT FOR HJORT 2016**

Tilråding:

1. Sande kommune fastset slik fellingsavgift pr. dyr for hjort for 2016:
Vakse dyr kr. 390,- og kalv kr. 236,-
2. Kalv felt i staden for tildelt vakse dyr skal rapporterast som kalv. Det skal betalast fellingsavgift for kalv for desse dyra.

Særutskrift:
Hjortevalda i Sande
Kommunekassa

Uprenta saksvedlegg:

Prop. 1 S (2015- 2016) – Klima- og miljøverndepartementet - For budsjettåret 2016, Tabell 7.5 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2016.

Saksopplysningar:

Kommunane har ansvaret for fastsetting og innkrevjing av fellingsavgiftene for hjort. Fellingsavgifta skal fastsetjast innanfor gjevne rammer. Betalinga skal skje på etterskot ut frå tal felte dyr.

Øvre ramme for fellingsavgifta for 2016 for hjort var fastsett til kr. 390,- for vaksne dyr og kr. 236,- for kalv i Stortingsproposisjon nr 1. Øvre ramme for fellingsavgifta vart sist endra i 2015 og det vart ikkje gjort framlegg om endring for satsane for 2016.

Etter reglane er det høve til å felle kalv i staden for vaksne dyr av begge kjønn.

Satsar for fellingsavgift for hjort for 2016 var ikkje handsama i samband med budsjettet for 2016. Fellingsavgifta for felte dyr under hjortejakta blir kravd inn etter at jakta er avslutta og felte dyr er rapportert. For hjortejakta i 2016 vil dette vere første halvår i 2017.

Vurdering:

Kommunen sine satsar for 2015 og 2017 og også for tidlegare år er i tråd med øvre ramme. Ved å halde fast på ei fellingsavgift i tråd med øvre ramme kan ein byggje opp litt midlar i det kommunale viltfondet. Det kommunale viltfondet er eit bunde fond som kan nyttast i tråd med reglar fastsett i eiga forskrift.

Det er høve til å felle kalv i staden for tildelt vakse dyr. Det kan derfor vere grunn til å presisere at kalv felt i staden for tildelt vakse dyr både skal rapporterast som kalv og betalast fellingsavgift for som kalv.

Larsnes, 24.04.2017

Oddbjørn Indregård
Konstituert rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef